



SLEKT OG DATA
MOLDE



SLEKT OG DATA
AUKRA

Slektsforscardagen 2017

vart arrangert på Molde kulturskule 28.oktober .

Arrangørar var Slegt og Data Molde og Slegt og Data Aukra. Kenneth Staurset Fåne var vert for dagen. Mellom 6o og 8o hadde møtt fram og fikk høyre interessante foredrag av Bjørn Austigard, Line Førre Grønstad, Per Jakob Desserud og Eva Hjelen. Mellom foredraga var det god tid til kaffi, kaker og ein god prat i kantina.

Kyrkjebygg og kyrkebygging i Romsdal gjennom 500 år, frå reformasjonen fram til i dag.

Bjørn Austigard, lokalhistorikar



Det er viktig for slektsforskarar å gjere seg kjende med den ytre ramma for kyrkelege handlingar som dåp og gravferd. I tida kring reformasjonen i 1536 var det berre tre prestegjeld i Romsdal: Aukra, Veøy og Grytten. Folketalet var ca. 5000 og 6 prester og ein kapellan/tenar skulle ha ansvaret for 20 stavkyrkjer og 1 steinkyrkje. Kyrkja låg ofte ved ein storgard og båt var framkomstmiddelet.

I Romsdal var det god tilgang på skog. Trelasthandel gav ringverknad med eksport, nye sagbruk og nyrydding av gardar som igjen gav folkevekst. Innbyggjartalet hadde auka til ca. 7000 i 1769 og kyrkjene måtte ha plass til fleire. Stavkyrkjene vart for små og 7 av dei vart utvida med ei eller fleire korsarmar, til totalt 7 korskyrkjer. I 1800 var talet på

stavkyrkjer redusert til 6, og auka til 12 større korskyrkjer.

I perioden etter 1536 vart det katolske preget i kyrkjene teke bort og erstatta med nytt. Helgenfigurane vart fjerna og i mange kyrkjer vart katekismetavler med hovudvekt på tekst hengt opp. Spesielt for Romsdal er kyrkjene med skorder, i alt 14 hadde denne byggestilen. På Romsdalsmuseet vart kapellet bygd for å ta vare på og stille ut inventar som vart til overs i kyrkjene. I dei nye kyrkjene ønskte ein interiør i stil med bygningane.

Kyrkelova av 1851 kom med krav om at kyrkjebygningane skulle ha areal som svarte til innbyggjartalet i soknet. Dette førte til at mange langkyrkjer vart bygd i siste del av 1800.

I nyare tid er 5 kyrkjer bygd og i Romsdal er det til saman 38 kyrkjer og eit innbyggjartal på 60 500 i 2017.

Tilnamn, slektsnamn og etternamn. Norske namnelover og namnepraksisar frå 1800 til i dag.

Line Førre Grønstad, doktorgradstipendiat – ekspert på namn og namnetradisjonar.



Grønstad er stipendiat ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen. Med utgangspunkt i personar frå eiga familie viste ho ulike sider av namnebruk.

Rundt 1800 var det vanleg at menn brukte faren sitt namn som etternamn og gardsnamnet som adresse. Det var lite vanleg med etternamn på bygdene, men etterkvart vart det i bruk i øvre samfunnslag. Ved giftarmål rundt 1850, tok kvinnene namnet etter mannen, saman med faren

sitt namn og gardsnamn. I 1890 vart det rettssaker om at eit etternamn skulle følgje ein gard og ein vart meir bevisst rundt namnebruk. Samstundes auka flyttinga til byane. Der fungerte det ikkje med mange Olson, Jenssen og Andersen og den første namnelova kom i 1923.

Personar fødd etter 1923 skulle ha eit fast etternamn. Slektsnamnet skulle høyre til den mannlige linja; ektefeller og barn skulle ha same etternamn. I 1939 vart det lov å bruke sitt eige oppvekstnamn, men kvinna måtte først ta namnet til mannen, for deretter å søke om å bruke oppvekstnamnet sitt. Allereie i 1949 kunne kvinna søke om å bruke oppvekstnamnet med ein gong, men sedvane og jantelov kunne vere eit hinder. Fram til 1923 kunne mannen ta kvinna sitt oppvekstnamn /gardsnamn, men etter 1923 var ikkje dette lov.

På 1960 talet var det skilje for barn fødd i og utanfor ekteskapet. Likestillingslova i 1979 resulterte i ei kjønnslikestilt namnelov. Etter 1980 er det same lov for barn i og utanfor ekteskap; barnet får namnet til mora, dersom ikkje anna er meldt innan 6 månader. I 2003 er det mange val og det er mogeleg å velje namn tilbake i generasjonar, tilbake til eigne tippoldeforeldre. Dersom det var 500 med same etternamn var det fritt til bruk.

I 2016 var grensa for skjerma namn 200 brukarar. 60 % gjev barnet namnet til mor og far, 40 % vel namnet til mor.

For slektsforskarar er det mange spørsmålsstillingar å vurdere når familielinjene skal teiknast.

Korleis bruke kart i slektsforskinga?

Korleis få tak i karta?

Kva kan karta gi informasjon om i slektsforskinga?

Per Jacob Desserud, lege og lidenskapeleg interessert i å bruke kart i slektsforskinga.

Tre hovudspørsmål var utgangspunktet for dette foredraget.

Til hjelp for forskning i lokalhistorie, gardshistorie og slektshistorie har Desserud brukt nye og gamle kart o.l frå internett, samt personlege erfaringar.

Karta kan dokumentere korleis tun og gardar har vore plassert i ulike tidsperiodar. Vegar og kommunikasjonsårer



har endra seg og på eldre kart kan ein finne dei gamle vegane og samanlikne plasseringa på nyare kart. Tilvekst av bygningar kan vere nye industribygg og fråvær av bygg kan vise at kverner, sager og stamper ikkje lenger eksisterer.

Nasjonalbiblioteket er ei god kilde for å finne gamle kart. Dette er kart ein kan søke opp og bla i. Andre kart er jordskiftekart i fylkesarkivet og pantebøkene i digitalarkivet. Kartbøker for Romsdal inneheld mange kart med god namnsetting.

Byar som Molde og Kristiansund har detaljerte kart av hus med nummer. Ved å bruke folketeljingane saman med desse, kan ein finne eksakte namn på personar i dei ulike husa.

I 1900 var Kristiansund ei stor by med 12 000 innb. mot Molde sine 2500 innb.

I tillegg til kart frå ulike tidsperiodar kan det vere svært nyttig å bruke flyfoto for å få eit utfyllande bilete av endringane.

NIBIO, seeiendom.no, siste.no er sider med slik informasjon. Matrikkelen inneheld opplysningar fram til 1950.

Ei liste med utfyllande internettadresser vert lagt ut seinare.

Digitalarkivet har fått nye nettsider og er eit av dei fremste verktøya for slektsforskarar.

Eva Hjelen, leiar i Slekt og data Molde.



Ein gjennomgang av dei nye funksjonane.

Eva Hjelen har vore interessert i slekt sidan barndomen, då ho var med og stelte graver på kyrkjegarden og spurte etter kven dei var desse som var gravlagde. Kvar veke brukar ho fleire timar på slektsforsking.

Ho starta med å vise hovudsida, digitalarkivet.no, og demonstrerte dei ulike inngangane frå dei 6 hovud-boksane. Å bruke funksjonane "hjelp" og "veiledning" vil gjere starten enklare. Først og fremst er det viktig å vere nysgjerrig og trykke og opne dei ulike lenkene. I enkelt personsøk er det lagt inn gjenkjenning av ord, slik at det er nok å skrive ein

variasjon av eit namn. Søka kan avgrensast etter geografi, kategori og tid. Ved å søke utan årstal kan også fadderar og forloverar gi treff. Å bruke * eller | (stolpe) i tillegg til minst to bokstavar kan gi fleire treff. I fritekst-feltet er det mogeleg å søkje etter ulike tema og under kildelista kan "andre kilder" gje ny informasjon.

Sida er under utvikling og siste veka har nye symbol kome til. Når ein finn namnet til ein person, står fire nye symbol øvst på høgre side. Det er "tilbake til søk", "rapportér", "skanna", og "HBR (historisk befolkningsregister)". Når desse er aktive, er det lenker til fleire opplysningar.

På hovudsida er også ein boks merka "siste nytt". Det siste som var lagt ut var eit "Forbryteralbum". Kanskje det er nettopp der du finn biletet du manglar av din slektning?

Det ble overrekt blomster som takk for dei fire inspirerende foredraga.

Ref. Olgunn Haugen